

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/2181-1

Status oppfølging av forvaltningsrevisjon 1. april 2019

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek status på oppfølging av forvaltningsrevisjon til vitande

Vedlegg:

- Status FR – versjon 1 -2019

Andre relevante dokument i saka:

Dokument som ikkje vert lagt ved som vedlegg, men som føl saka.

SAKSFRAMSTILLING

Kontrollutvalet legg fram rapportar etter gjennomførde forvaltningsrevisjonar til fylkestinget. Fylkestinget vedtek eventuell oppfølging av tiltak som revisor har nedfelt i rapportane, og som kontrollutvalet rår fylkestinget til å vedta.

Kontrollutvalet skal sjå til at vedtak som fylkestinget har fatta skal følgjast opp. Vidare skal kontrollutvalet sjå til at eigne vedtak vert følgt opp i organisasjonen.

For å få struktur på oppfølgingar av gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt er det utarbeidd eit system i form av eit rekneark for oppfølging av fylkestinget sine vedtak etter handsaming av forvaltningsrevisjonsrapportar. Kontrollutvalet får denne statusrapporten med oppsummering av oppfølging til handsaming to gongar kvart år, vår og haust. Denne rutinen er i samsvar med årsplanen for kontrollutvalet.

Statusrapporten som vert lagt fram til møtet 1. april 2019 er på bakgrunn av oppfølging som er gjort i løpet av hausten 2018 fram til KU-møte 11. februar 2019.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta rapporten til vitande.